



Veke 7, 15.02.2023

Møtet denne tredje onsdagen i februar var lagt til Kongshavnsgate 7, hos *Langesund og Omegns Sjømannsforening*, det ærverdige laget som i november 2025 fyller 100 år – med fleire forluparar heilt tilbake til 1820, da *Langesund Sjømandsforening* blei skipa. Vi var 19 til stades frå klubben, pluss ein gjest. Formannen i foreininga, Knut Bjerke heldt eit interessant foredrag om den dansk-norske fregatten «Najaden», der dansken Hans Peter Holm (17. juni 1772 – 26. oktober 1812) var kaptein.

Bakgrunnen var *napoleomskrigane*, ein meir eller mindre samanhengande krigstilstand mellom dei europeiske stormaktene frå om lag 1802 til Napoleons endelege nederlag i 1815. Hovudmotstandarane var Frankrike på den eine sida, og Storbritannia, Russland og dei tyske statane på den andre. Danmark-Noreg var nøytralt, og hadde orlogsflåten sin, den femte største i Europa, i fredsopplag i København. I 1807 gjekk Storbritannia likevel til angrep på København og stal det meste av den dansk-norske flåten, i redsel for at han skulle falle i franske hender. Dette er kjent som «Flåteranet».



Danmark-Noreg begynte å bygge opp att flåten sin, mellom anna med *Najaden* (bildet til høgre), som blei send til Noreg i februar 1812, under kaptein Holms kommando. Fregatten låg i Lyngørsundet da han 6. juli 1812 blei øydelagd av det britiske linjeskipet *Dictator*. *Najaden* hadde 315 mann om bord, og av desse blei 133 drepne og 102 sår. Knut Bjerke gav oss ei levande framstilling av dramaet. Bildet nedst til høgre viser slaget ved Lyngør, etter eit måleri av ein dansk marineoffiser som sjølv var med.



På ei inspeksjonsreise langs Skagerrakkysten same hausten forliste Holm i ein storm 26. 10. 1812, da båten hans gjekk på Tangenskjær ved Langesund. Holm to kvinner og eit barn omkom. Holm blei funnen og gravlagd med militær honnør ved Langesund kyrkje, der det blei reist ein bauta over han i 1834 – sjå bildet nedst til venstre.

Etter foredraget var vi med på ei interessant omvising i huset til Sjømannsforeningen.



Langesund,
17. februar
2023,
Rolf Zheil

